



Alver kommune- landbruksavdelinga  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/1527 - 23/68703

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
04.09.2023

## Søknad om dispensasjon til utførelse - gbnr 14/1 Nedreås

Tiltak: Søknad om dispensasjon frå arealformål og arealoverføring.  
Byggjestad: Gbnr 14/1  
Tiltakshavar: John Fykse  
Søkjjar : Eivind Fykse

Saka gjeld søknad om arealoverføring av tilleggsareal til bustadtomt, gbnr 14/13. Storleiken på arealet er ikkje oppgjeve i søknaden. Sakshandsamar har grovt rekna det til å vera om lag 1350 m<sup>2</sup>. Gbnr 14/1 har eit registrert areal på 47 da i matrikkelen. Inklusiv del i fellesareal. Gbnr 14/13 har eit registrert areal på 915m<sup>2</sup>. Grensene for gbnr 14/13 er ikkje oppmålte. Arealet er antatt om lag 1000m<sup>2</sup>.

Arealoverføringa er ledd i arveoppgjer og byggjer på avtale mellom partane. På arealet er det oppført garasje tilhøyrande gbnr 14/13.

Arealet er registrert som bygd og skog i NIBIO sitt gardskart.

### Planstatus

Arealet er sett av til LNF formål i kommunedelplan for Lindås (KDP). I tillegg ligg parsellen i faresone H310, ras- og skredfare.

### VURDERING

Det er søkt om dispensasjon frå arealdelen i KDP for arealoverføring av tilleggsareal til eigedomen gbnr 14/13.


Søkjjar argumenterer for at arealoverføringa er ein del av arveoppgjeret etter foreldra som eigde gbnr 14/1 og at avtalen om at eigar av gbnr 14/13 skulle få overta arealet var nærast ein føresetnad for å finna god løysing på oppgjeret. I tillegg var også båt plass ein del av avtalen. I opprinnleg søknad om arealoverføring var også tatt med ein større naustetomt. Slik sakshandsamar forstår tiltakshavar går denne delen ut og skal erstattast med ein bruksrett.

Arealet ser i hovudsak ut til å vera i bruk for gbnr 14/13, med mellom anna oppført garasje, uthus og plen. Det må vurderast om den vestre delen av arealet treng vere med i arealoverføringa.


Tiltakshavar har lagt fram skredfarevurdering frå geolog om rasfaren på staden.

Sjå vedlagt dispensasjonssøknad mottteken 16.02.2023 for ytterlegare opplysningar.

## **Kart**



Opprinneleg situasjonskart




Kommunedelplan



Ortofoto 2020



Oversiktskart



Gardskart

Situasjonskart teikna av sakshandsama. Tilleggsareal med blå skravur. Grenser frå skylddeling med svart strek.

### Jordlova

Ber om vedtak etter jordlova frå landbrukskontoret. Søknad om frådelling må vera handsama etter jordlova før den kan verta handsama etter plan- og bygningslova.

### Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Skredfarevurdering for Stranda 625 - gbnr 14/1 Nedreås  
Situasjonskart  
Grensejustering - gbnr 14/1 og 14/13 Nedreås  
Kart  
Dispensasjon  
Situasjonskart

### Kopi til:

Eivind Fykse  
John Fykse

Stranda 630  
Stranda 625

5993 OSTEREIDET  
5993 OSTEREIDET

### Mottakarar:

**Mottakarar:**

Alver kommune- landbruksavdelinga  
Statsforvaltaren i Vestland

Postboks 4  
Njøsavegen 2

5906  
6863

FREKHAUG  
LEIKANGER